

MØTEBOK

Organ	Hovudutval for samferdsle
Møtestad	Raftevolds Hotel, Hornindal
Møtedato	12.04.2016
Kl.	11:00 – 16:45

Faste medlemer til stades:

Noralv Distad H
Bjørn Hollevik H
Arnstein Menes Sp
Sigurd Reksnes Sp
Gunn Sande Sp
Helen Hjertaas Ap
Harald Bjarte Reite Ap
Stein Malkenes MDG

Forfall til møtet:

Gunnhild Berge Stang V

Varamedlemer til stades:

Det møtte ikkje varamedlem for Gunnhild Berge Stang

Til stades med møte- og talerett:

Dina Lefdal

Sekretariat for møtet:

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Møtebok frå 15.03.2016 vart godkjend utan merknader.

Munnleg orientering:

Orientering og synfaring med Hornindal kommune v/ordførar
Orientering om skredsikring v/Guro Dyngen
Orientering om kollektiv v/Øystein Hunvik
Orientering om KVU rv 7/rv 52 v/Noralv Distad

SAK 14/16 Rutekunngjering 2016/2017

VEDTAK:

1. Det vert ikkje produsert felles rutehefte for Sogn og Fjordane for perioden 19.06.2016 – 20.06.2017.
2. Samferdsleavdelinga må før 19. juni 2016 få på plass system for rutekunngjering i tabellform slik at det er best mogeleg tilgjengelig for alle.
3. Pengane som er sett av til produksjon og distribusjon av ruteheftet må brukast på utvikling og marknadsføring slik at publikum får best mogeleg informasjon om rutetilbodet.

**SAK 15/16 Skriv og meldingar til møte i hovudutval for samferdsle
12. april 2016**

1 a: Høyringsutkast - Planprogram for Regional transportplan for Sogn og Fjordane 2018 - 2027
1 b: Planprogram - høyringsutkast

Endringar:

Endringsframlegg:

Høgre sett fram slikt framlegg:

Endre siste setning i pkt 5.1.1. til: Hovudutvalet gir tilråding til planutvalet/fylkesutvalet

Avrøysting:

Framlegget frå Høgre vart samrøystes vedteke.

Endringsframlegg:

MDG sette fram slikt framlegg: Hovudutval for samferdsle ber om at det opprettast eit eige kapittel om sjøtransport, inkludert overføring av godstransport frå veg til sjø og bane.

Avrøysting:

Framlegget fekk 1 røyst og fall(Stein M)

Endringsframlegg:

MDG sette fram slikt framlegg:

Hovudutval for samferdsle foreslår at RTP-planprogrammet skal inneholde beskriving av kvantifisering av klimagassutsleppstilhøve i det vidare arbeidet med dokumentet, gjerne i kap. 3.6.4.

Avrøysting:

Framlegget fekk 1 røyst og fall

Endringsframlegg:

Arbeidarpartiet sette fram slikt framlegg:

Ta vekk distriksutvikling og sette inn utvikling i punkt 4.6.1., andre setning

Avrøysting:

Framlegget frå Arbeidarpartiet vart samrøystes vedteke.

2 a : Førdepakken - flytting av bomstasjon nr. 3 - E39 Bruland
2 b: Rådmannen i Førde sitt saksførelegg til formannsskapet, datert 30.03.16
3: Notat: Kommunikasjonsutfordringar for innbyggjarar i Vik kommune i påsken
4: Notat - Kryssing av fv. 55 på Neshøgdi i Luster kommune
5: Fråsegner vedkomande nedskjeringar i transport tilbod.

SAK 16/16 Val av styremedlem i Interoperabilitetstenester

VEDTAK:

1. Fylkeskommunane sin representant i styret for Interoperabilitetstenester blir attvald.

